



Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/8756-7

## **Klage på avslag på søknad om kulturmidlar til gjennomføring av landskamp**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:**

Klage frå Norges Håndballforbund Region Vest over fylkesdirektøren for kultur sitt vedtak i brev av 01.09.15 vert ikkje teken til følgje.

Vedlegg:

Søknad om arrangementstøtte datert 06.08.14  
Klage på vedtak

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Vedtak om avslag datert 01.09.15  
Brev frå fylkesdirektøren for kultur datert 19.10.15  
Retningslinjer for tilskot til allment kulturarbeid

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Sogn og Fjordane fylkeskommune deler kvart år ut kulturmidlar til lag, kulturorganisasjonar og ulike kulturaktivitetar. Søknadsfristen er 15. januar. Midlar vert gitt etter ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle innanfor dei til ei kvar tid gjeldande kulturpolitiske satsingsområde.

Norges Håndballforbund Region Vest (NHF) søkte ved brev av 06.08.15 om kulturmidlar til gjennomføring av treningssamling og landskamper mellom Noreg og Russland i tidsperioden 20. til 26. juli 2015. Det vart søkt om kr 50 000 i arrangementsstøtte. Samla kostnadsramme for arrangement var ca. kr 400 000.

Fylkesdirektøren for kultur er delegert mynde til å avgjere søknadar om tilskot på inntil kr. 50 000 innan vedtekne budsjetttramme, sjå delegeringsreglementet punkt 4.9.

Fylkesdirektøren fann ikkje rom for å løyve midlar til arrangementet, og avslo søknaden i brev av 01.09.15. Avslaget blei grunngjeve med at søknaden blei sendt etter søknadsfristen, samt at kulturmidlane fylkeskommunen har til fordeling i 2015 allereie var løyvd til andre tiltak.

Norges Håndballforbund Region Vest klaga på fylkesdirektøren si avgjerd. Søknad og klage er lagt ved saksframlegget.

Fylkesdirektøren for kultur handsama klagen som underinstans i brev dagsett 19.10.15.  
Fylkesdirektøren tok ikkje klagen til følgje.

### **2. Klagaren har hovudsakleg gjort gjeldande**

Klagar viser til at arrangementet ikkje vart kjent før i mai, og at NHF såleis ikkje hadde høve til å søkje om midlar i januar. Fylkeskommunen kunne dessutan løyvd midlar over neste års budsjett.

Vidare peikar klagar på at det ikkje er kvart år NHF arrangerer internasjonale arrangement i Sogn og Fjordane. I tillegg er det høgare kostnader ved slike arrangement i Sogn og Fjordane, mellom anna fordi anlegga ikkje tilfredsstiller krava til landskamparena.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

I retningslinjene for tilskot til allment kulturarbeid er det presisert at søknadsfristen for kulturmidlar er 15. januar kvart år. Det vert opplyst om moglegheita til å søkje om kulturmidlar, og fristen for å søkje, på sfj.no. Søknadsfristen vert dessutan annonsert i media kvart år. Søknaden frå NHF er dagsett 06.08.15, altså lang tid etter søknadsfristen for kulturmidlar i 2015.

Årets søknadar om kulturmidlar vart handsama av hovudutvalet for kultur i mars, sjå sak 10/15 og sak 11/15, samt sak 16/15 om orientering om søknader som er handsama administrativt. Som fylkesdirektøren skriv i svaret datert 19.10.15 var tildelt tilskotsramme for 2015 brukt opp på tidspunktet for søknaden frå NHF. Det var såleis ingen midlar att å fordele når NHF søkte om arrangementsstøtte.

NHF har gjort gjeldande at fylkeskommunen kan løyve midlar av neste års budsjett. Tilskotsramma blir vedteke av fylkestinget kvart år. Det er ikkje høve til å disponere av neste års budsjett før dette er vedteke av fylkestinget, og naudsynte fullmakter er fordelt.

Søknaden frå NHF er datert 06.08.15, altså etter at arrangementet er gjennomført. Fylkesdirektøren peikar på at det som hovudprinsipp skal søkjast i forkant av gjennomføring av tiltak, uavhengig av søknadsfrist. Fylkesrådmannen er samd i dette utgangspunktet.

Avslutningsvis i svarbrevet viser fylkesdirektøren til at den totale ramma for kulturmidlar for 2015 er redusert med 0,9 mill. kroner i høve 2014. Dette medfører at fleire har fått avslag på sine søknader dette året, og at dei aller fleste av dei som har fått tilskot har fått redusert tilskotet i høve tidlegare år, sjå mellom anna HK-sak 10/15.

### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen sluttar seg til fylkesdirektøren for kultur si vurdering av saka, og kan ikkje sjå at det er grunnlag for å gjøre om vedtaket. Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å stadfeste vedtaket til fylkesdirektøren for kultur.